

NOTAT

Vedlegg nr. 2

Til: Styringsgruppa
Frå: Sekretariatet
Kopi: [Fyll inn]

Saksbehandlar:
Synnøve Vilsvik
Vår dato: 29.10.2024

Sak 62/24 Økonomirapportering for Miljøløftet pr. 2. tertial 2024

Bakgrunn

Denne saka gir ei oversikt over prognose og avvik sortert etter finansieringskjelde, og samanliknar desse med budsjett/disponible midlar i 2024. Det er år 2024 i handlingsprogram 2024-2027 som er samanlikningsgrunnlaget.

Økonomirapporteringa pr. 2. tertial byggjer på rapportar levert av partane som har prosjekteigaransvar for ulike prosjekt og tiltak. Det er viktig å merke seg at fleire av rapportane ikkje nødvendigvis har vore målretta mot Miljøløftet, men at dei er del av den formelle rapporteringa frå organisasjonen mot staten og/eller internt i eiga linje. Sekretariatet tilpassar rapportane og legg til rette for at styringsgruppa i Miljøløftet får nødvendig oversikt og dermed har grunnlag for å kunne drive ansvarleg porteføljestyling. I nokre tilfelle har det blitt etterspurt ytterlegare informasjon for å avklare utydelegheiter. Saka byggjer med dette på rapportering basert på gjeldande økonomirapporteringsrutinar, vedtekne av styringsgruppa i desember 2021, sak 73/21. Det er forventa at styringsgruppa tar stilling til identifiserte avvik, veger måloppnåing og økonomi opp mot kvarandre, og fattar vedtak ved behov.

Oppbygging av økonomirapporten for tertialrapport 2

Rapporten (denne saka) er strukturert slikt:

- Viktige moment
- Overordna prognose pr. 2. tertial 2024 for Byvekstavtalen
- Post 30 Programområdemidlar
 - o Post 30 på riksveg
 - o Post 30 på kommunal og fylkesveg (teknisk overført til Post 66)
- Post 66 Tilskot til byvekstavgiftar
 - o Belønningsmidlar til drift av kollektivtrafikk i Bergen (Skyss)
 - o Betre kollektivtilbod og reduserte bompengar
 - o Reduserte billettprisar til kollektivtrafikk (Skyss)
 - o Belønningsmidlar til kommunane
- Fylkeskommunalt bidrag
 - o Tiltak frå Handlingsprogram 2024-2027
 - o Tiltak som ikkje var del av Handlingsprogram 2024-2027
- Oppsummering og overordna prognose Bypakke Bergen

Viktige moment

Prognosen for byvekstavtalen viser eit mindreforbruk på til saman 250,4 mill. Det største mindreforbruket er på Post 30 (Rv, Fv og Kv), som no er 210,5 mill. Det er også eit større mindreforbruk på Post 66 på totalt 57,8 mill., dersom ein reknar med det kommunane har på fond både i kommune og i fylket. Sekretariatet minner om prinsippet om realistisk budsjettering inn i kommande rulleringar. Det er særleg uheldig at det blir ståande ubrukte tilskot på fond hos kommunane/fylket, eller ubrukte budsjettmidlar hos staten.

Her er ei oppsummering av dei viktigaste momenta frå rapporten:

- Vedrørende Post 30 riksveg er det meldt om endringar i sluttprognosen som utgjør ei samla innsparing på ca. 162,7 mill. Denne innsparinga er varig og gir moglegheit for omfordeling til andre prosjekt.
- Prognosen for Post 66 viser eit samla mindreforbruk i kommunane på 13,5 mill., i tillegg til 44,4 mill. på fond hos fylkeskommunen ved årsslutt.
- Prognosen for netto bompengeinntekter er 812 mill. i 2024. Dette er om lag 470 mill. meir enn prognosen for rekvireringsbehovet.
- Partane understrekar at prognosane for fleire av prosjekta er prega av usikkerheit.

Overordna prognose pr. 2. tertial 2024 for byvekstavtalen

Prosjekta i byvekstavtalen har ein samla prognose på 1,1 mrd. kroner i 2024. Prognosen viser eit samla mindreforbruk på om lag 250,4 mill. ved årsslutt (sjå tabell 1). Mindreforbruket har økt med 50,6 mill. sidan T1, og skuldast i hovudsak mindreforbruk på Post 30 og Post 66. Løyvinga for 2024 har også blitt noko høgare sidan T1.

Økonomirapportering per 2. tertial 2024 (Tal i 1000-kr)								Kommentar
Finansieringskjelde	HP24-27 år 2024	Løyving 2024	Overført frå tidlegare år	Til disp. 2024 (løyving + overført)	Prognose 2024 v/T1	Prognose 2024 v/T2	Avvik (til disp. - prognose 2024 v/T2)	
Post 30: Programområdemidlar riksveg	170 400	169 100	9 201	178 301	93 923	83 423	94 878	Prognosen viser eit venta mindreforbruk på ca. 95 mill, som er ei aukaing på 10 mill. sidan T1. Det er framleis hovudsakleg prosjekta E39 Sykkeltamveg Bergen, delstrekning 5, Kristianborg-Bergen sentrum og E39 Sykkeltamveg Bergen, delstrekning 2, Nesttun-Skjold som bidreg til mindreforbruket. Det er venta ein varig innsparing på 162,7 mill på tre av prosjekta, som kan omdisponeres til andre prosjekt
Post 30: Programområdemidlar kommunal og fylkesveg	113 700	114 100	148 878	262 978	142 806	147 306	115 672	Prognosen viser eit venta mindreforbruk på 115,6 millionar grunna forseinkingar på fleire av prosjekta. Mindreforbruket gjeld alle dei fire prosjekta som er del av HP 24-27. Desse prosjekta har ein årsprognose i tråd med løyvinga i 2024, men dei har fått overført vesentleg ubrukte midlar frå tidlegare år. Det er venta ei varig innsparing på 6,2 mill på to av prosjekta
Prosjekt finansiert av VLFKs andel i byvekstavtalen	304 200	283 900		283 900	284 180	288 425	-4 525	Det fylkeskommunale bidraget har sidan T1 auka med 6,1 mill. for 2024. Prognosen tilseie eit meirforbruk på 4,5 mill. Dette er forklart ved at fleire tiltak dreg med seg etterslep og mindreforbruk frå tidlegare år, samt at det på nokre prosjekt har oppstått behov tidlegare enn planlagt.
Post 66: Belønningmidlar til tilskotsordningar i byområder:								
- til kommunane	57 700	39 512	15 556	55 068	57 700	37 207	17 861	Prognosen tilseie eit mindreforbruk samla sett, grunna forseinkingar og utsettelse på fleire av prosjekta. Avviket i prognosen inkluderar ikkje fond i kommunane, som er venta å vere ytterligere 13,5 mill ved årsslutt
- til drift av kollektivtrafikk i Bergen (Skysst)	324 500	325 488	30 149	355 637	350 000	336 000	19 637	Det vert i 2024 nytta 336. mill. til denne potten, som er 11 mill. meir enn den årlege tildelinga. Attståande fond på 19,6 mill. skal nyttast til konkrete tiltak seinare i avtaleperioden, i samsvar med vedteken bruk.
Post 66: Regjeringens bompengeforlik - bedre kollektivtilbud og reduserte bompenger	124 400	126 000	6 900	132 900	132 900	126 000	6 900	Styringsgruppa i Miljølføtet har vedteke å slå saman dei to pottane Tilskot til reduserte bompengar og Tilskot til betre kollektiv frå og med 1. mars 2023. I 2024 skal årets løyving brukes ihh. til sak 49/24. 6,9 mill. i fond blir med som fondsmidlar inn i 2025.
Post 66: Regjeringens bompengeforlik - reduserte billettpriser til kollektivtrafikk	55 900	58 100	23 600	81 700	81 700	81 700	0	Midlane blir brukt til reduksjon av pris periodebillett og til fleksibel billett/reiserabatt.
Sum byvekstavtalen	1 150 800	1 116 200	234 284	1 350 484	1 143 209	1 100 061	250 423	

Tabell 1 - Oppsummeringstabell byvekstavtalen (tal i 1000 2024-kr.)

Post 30 Programområdemidlar

Post 30 på riksveg

Tabell 2 viser total- og årsprognose for prosjekta finansiert av Post 30 midlar på riksveg. Det er fem prosjekt som har tilgjengeleg tilskot hos staten over denne ordninga i 2024, som ligg i Bergen kommune. Prosjekta har enten ubrukte midlar frå 2023, nye midlar over statsbudsjett 2024 eller begge delar. Statens vegvesen har levert oppdatert status og avviksforklaringar.

Tiltak	Totalkostn. i HP 2024-2027	Ny godkjent totalkostn.	PROGNOSE TOTALKOSTNAD		Kommentar totalkostnad frå byggherre	PROGNOSE ÅRSREKNESKAP										
			Prognose totalkostn.	Avvik totalkostn.		HP 2024-2027 År 2024	Løyving 2024	Overført frå tidl. år	Til disp 24 (løyving + overført)	Rekneskap pr. 30.04.24	Rekneskap pr. 30.08.24	Prognose 2024 v/T1	Prognose 2024 v/T2	Avvik 2024 (til disp - prognose)	Kommentar årsprognose fra byggherre	
E39 Sykkeltamveg Bergen, delstrekning 5, Kristianborg–Bergen sentrum	1 272 000	1 466 000	1 365 000	101 000	Godkjent prognose for sluttkostnad er på 1,466 mill. Prosjektet har redusert si prognose for sluttkostnad til 1,365 mill. Dette innebærer at vi antar ein varig innsparing på 201 mill i forhold til godkjent prognose. Beparelsen kan omfordeles til andre prosjekt på E39 Sykkeltamveg BERgen. Sluttprognosen er 272 mill høgare enn opprinnelig styringsramme. E39 Sykkeltamvegen opna for trafikk april 2023. Bybånen var ekstem byggherre. Gjenstår noko papirarbeid når det gjeld å få signert overleveringsprotokoll til drift	81 600	100 000	-59 320	40 680	-239	226	500	500	40 180	Prosjektet har eit forventa mindreforbruk på 40,2 mill. Mindreforbruket kan varig omdisponeres til andre prosjekt i Byvekstavtale Bergen.	
E39, Fv558 Gyldenpriskrysset og Carl Konows gate	364 300	435 000	413 000	22 000	Sluttprognosen er nedjustert til 413 mill, som er 22 mill lågare enn godkjent prognose for sluttkostnad på 435 mill. Denne innsparinga er varig og gir moglegheit for omfordeling til andre prosjekt på E39 Sykkeltamveg Bergen. Vi har avklart sluttoppgjøret med entreprenøren, og resultatet blei gunstigare enn frykta. Då vi søkte om prognose, var det usikkerheit knytta til kostnadsfordelinga med VLFK. Denne usikkerheita er no avklart, og inntektene har økt med omtrent 7 mill kroner. Det siste anslaget inkluderte usikkerhetsfaktorar som ikkje innttraff. Prosjektet hadde trafikkopning i 2022. I 2024 har arbeidet bestått av å ferdigstille styring av variable skilt. Arbeidet blei avslutta i april og prosjektet blei overlevert til fylke i mai	38 800	39 100	-39 654	-554	664	893	500	1 000	-1 554	Prosjektet har eit forventa meirforbruk på 1,554 mill. Sidan T1 har prosjektet fått økt bevilgning, ein varig omdisponering på 2,5 mill, fra prosjektet E39 Sykkeltamveg Minde Allé - Fabrikkgaten. Prognosen har økt med 0,5 mill sidan T1.	
E39 Sykkeltamveg Bergen, delstrekning 2, Nesttun-Skjold	252 500	389 300	389 300	0	Prosjektet si totalprognose er lik godkjent prognose på sluttkostnad. Prosjektet fekk godkjent sluttprognose desember 2023 som er 222,1 mill høgare enn opprinnelig styringsramme. Prosjektet blei lyst ut i midten av desember 2023 med planlagt forskjøvet tilbudsfrist primo sept 24. Det jobbes vidare med forhandlingar og inngjeldelse av kontrakt. Forventa byggestart i slutten av 2024. Det er satt av 2 dagar, 28.-29 august, i skjønnsretten på dei eigedommane som det ikkje er oppnådd einigheit om.	50 000	30 000	28 373	58 173	5 426	9 511	27 300	22 300	35 873	Prosjektet har eit forventa mindreforbruk grunna forseinkingar i utlysingsperioden. Prognosen er redusert med 5 mill sidan T1. I prognosen er det lagt til grunn at eventuelt forskudd blir betalt i 2025	
E39, Fv577 Sykkeltamveg Bergen, delstrekning 6, Bradbenken –Glass Knag	186 500	214 900	214 900	0	Totalprognose 214,9 mill som er lik godkjent styringsramme.	0	0	78 379	78 379	2 601	34 971	64 000	58 000	20 379	Prosjektet har eit forventa mindreforbruk på 14,4 mill som skuldast at utlysingen blei forskjøvet i tid. I tillegg er årsprognosen redusert med 6 mill sidan T1. Dette skyldes periodisering og er knyttet til hovedentreprisen og vil ikkje påvirke sluttprognosen. Venta mindreforbruk for 2024 er dermed 20,4 mill.	
E16 Olav Kyrres gate		266 500	226 800	39 700	Godkjent prognose for sluttkostnad er 266,5 mill. Prosjektet si totalprognose er 226,8 mill. Dette gir ein varig innsparing på 39,7 mill i forhold til godkjent prognose. Prosjektet hadde ein opprinnelig styringsramme på 148. mill. Hittil i år har vi gjennomført arbeid i Olav Kyrres gt. med supplerig av ledelinger etter innspel frå Blindeforbundet. I tillegg har vi etablert trafikkøy og merking i Foreningsgate som ferdigstilling av midlertidig trafikkregulering. Det gjenstår noko arbeid med ledelinjene på eit lite parti i Olav Kyrresgt. der private utbyggere har satt opp eit stillas. Stillaset vil bli ståande ut året, men vi vil no bli gitt tilkomst slik at vi kan ferdigstille dette arbeidet i år. Tilleggsarbeid inngår i kontrakt E39 Sykkeltamveg Bradbenken - Glass Knag og interinfakturert til E16 Olav Kyrresgate mot slutten av året.	0	0	1 623	1 623	493	628	1 623	1 623	0	0	Ikke ein del av HP 24-27. Ingen avvik
Sum POST 30 - midlar riksveg	2 075 300	2 771 700	2 609 000	162 700		170 400	169 100	9 201	178 201	9 402	46 228	93 923	83 423	94 878		

Tabell 2 - Prognose på prosjekt finansiert av Post 30 midlar til riksveg (tal i 1000 2024-kr.)

Totalprognose

Det er meldt om endringar i sluttprognosen for tre prosjekt som utgjer ei samla innsparing på 162,7 mill. Denne innsparinga er varig og gir moglegheit for omfordeling til andre prosjekt. Dei tre prosjekta er E39 Sykkeltamveg Bergen, delstrekning 5, Kristianborg–Bergen sentrum, E39, Fv558 Gyldenpriskrysset og Carl Konows gate og E16 Olav Kyrres gate. Se kommentar for kvart prosjekt i tabell 2.

Samla prognose for totalkostnad viser likevel eit meirforbruk på ca. 533 mill. samanlikna med totalkostnad i HP 24-27. Dette må handsamast i framtidige rulleringar.

Prognose årsrekneskap

Årsprognosen for Post 30 riksveg viser eit venta mindreforbruk på ca. 95 mill. i 2024, som er ei auking frå 84 mill. ved T1. Det er framleis hovudsakleg prosjekta E39 Sykkeltamveg Bergen, delstrekning 5, Kristianborg–Bergen sentrum og E39 Sykkeltamveg Bergen, delstrekning 2, Nesttun-Skjold som bidreg til mindreforbruket. Se kommentar for kvart prosjekt i tabell 2.

Post 30 på kommunal og fylkesveg (overført til Post 66)

Tabell 3 viser total- og årsprognose for prosjekt finansiert av Post 30 på kommunal og fylkesveg. Det er sju prosjekt som har tilgjengeleg tilskot hos staten over denne ordninga i 2024, anten det er ubrukte midlar frå 2023, nye midlar over statsbudsjett 2024 eller begge delar. Kommunane og fylket har levert prognose til Statens vegvesen. Statens vegvesen har sendt si prognose vidare i si linje med kopi til sekretariatet. Denne er grunnlaget for tabell 3.

Byggherre/kommune	Prosjekt	PROGNOSE TOTALKOSTNAD			PROGNOSE ÅRSREGNSKAP 2024							
		Total-kostnad i HP 2024-2027	Prognose totalkostnad	Avvik totalkostn.	HP 2024-2027 (år 2024)	Løyving 2024	Overført frå tidl. år	Til disp (løyving + overført)	Prognose 2024 v/T1	Prognose 2024 v/T2	Avvik 2024 (til disp - prognose)	Kommentar årsprognose frå byggherre
Askøy	Fv5254 Kleppevegen ved Myrane	225 700	231 978	-6 278	39 600	40 000	27 100	67 100	46 000	55 000	12 100	Endra framdrift frå tidlegare år gjer at det vert høgare aktivitet i 2024 enn det som var lagt opp til. Teke igjen noko av etterslepet og det er venta eit mindreforbruk av statlege midlar i 2024 på 12,1 mill. Inga endring i totalprognose.
Bjørnafjorden	Fv552 Etablering av trafikkisikker- og attraktiv G5-løysing langs Hatvikvegen	168 300	169 710	-1 410	35 000	35 000	47 100	82 100	30 000	34 500	47 600	Endra framdrift frå tidlegare år gjer at det over post 66 blir eit venta mindreforbruk i 2024, på statleg tildeling på tiltaket med 47,6 mill. Bygging starta i mars 2024.
Øygarden	Kv1136 Sentrumsgate Grønamyrsvegen	71 100	56 300	14 800	27 700	27 700	34 900	62 600	30 000	20 000	42 600	Prognosen viser eit venta mindreforbruk på 42,6 mill. Anleggsstart i mai 2024 med planlagt ferdigstilling på seinsommaren 2025.
Alver	Fv5308 Utbedring av Sagstadvegen i tidl. Meland kommune	48 900	50 249	-1 349	11 400	11 400	17 800	29 200	17 000	22 000	7 200	Tiltaket er under bygging og er venta ferdig våren 2025. Forskyving frå tidlegare år gjer at det vert eit mindreforbruk på 7,2 mill.
Bergen	Infrastruktur Paradis		250 000	-250 000			707	707	707	707		Ikkje ein del HP 24-27. Disponible midlar på 0,7 mill er overført frå 2023 og vil bli brukt i år. Grunntentreprisen er ferdigstilt, men sluttoppgeret pågår. Paradis bru blei montert i veke 39-2024.
Askøy	Kv1158 Kvernhusdalen		20 300	-20 300			19 099	19 099	19 099	15 099	4 000	Ikkje ein del HP 24-27. Disponible midlar på 19,1 mill. er overført frå 2023. Prosjektet er ferdigstilt. Det gjenstår å avslutte sluttkrav frå entreprenør. Prognosen for totalkostnad er ca. 20,3 mill, og det er behov for utbetaling på 15,2 mill i år. Dette gir eit mindreforbruk på 4,9 mill i 2024 og i forhold til totalramma for prosjektet, dvs. ein varig innsparing.
Øygarden	Kv. 1146 Kulvert Idrettsvegen			0			2 172	2 172			2 172	Ikkje ein del HP 24-27. Prosjektet er ferdig og det er ikkje behov for restbeløpet på 2,172 mill. som blei overført frå 2023, dvs. ein varig innsparing. Disponibelt beløp kan overføres til Øygarden si økonomiske ramme.
	Sum POST 30 kommunal og fylkesveg	514 000	778 537	-264 537	113 700	114 100	148 878	262 978	142 806	147 306	115 672	

Tabell 3 - Prognose på prosjekt finansiert av Post 30 midlar til kommunal og fylkesveg (tal i 1000 2024-kr.)

Totalprognose

Det er ikkje meldt om vesentlege endringar i totalprognosen for prosjekt i denne finansieringskjelda. For prosjekt i HP 24-27 er det meldt om eit samla meirforbruk på 5,8 mill. Det største avviket gjeld eit mindreforbruk på 14,8 mill. på prosjektet Kv1136 Sentrumsgate Grønamyrsvegen. Noko av avvika kan forklarast av at det er brukt en lågare indeks i handlingsprogram 2024-2027 samanlikna med den indeksen fylkeskommunen har brukt i si rapportering. Sjå elles kommentar for kvart prosjekt i tabell 3.

Prognose årsrekneskap

Årsprognosen for Post 30 på kommunal og fylkesveg viser eit venta mindreforbruk på 115,6 millionar grunna forseinkingar på fleire av prosjekta. Mindreforbruket gjeld alle fire prosjekt som er del av HP 24-27. Desse prosjekta har ein årsprognose som er i tråd med løyvinga i 2024, men dei har fått overført vesentleg ubrukte midlar frå tidlegare år. Det er venta ei varig innsparing på omtrent 6,2 mill. på to av prosjekta (Kv. 1146 Kulvert idrettsvegen og Kv 1158 Kvernhusdalen). Sjå kommentar for kvart prosjekt i tabell 3.

Post 66 Tilskot til byvekstavtalar

Tabell 4 gir ei oversikt over prognose for prosjekt på Post 66 Tilskot til byvekstavtalar. Tabellen er ny frå i år av, og er ein rapporteringsmal innført av Statens vegvesen. Den spesifiserer bruk av midlane i kommunane på drift (kollektiv eller anna) og investeringar (kollektiv, eller anna). Fylket har levert rapporten til Statens vegvesen. Statens vegvesen har sendt sin prognose vidare i si linje med kopi til sekretariatet.

Prognosen for Post 66-midlar viser eit samla mindreforbruk på 44,4 mill. ved årsslutt. Dette er ei vesentleg endring sidan T1, som viste eit venta mindreforbruk på 3. mill. Dette skuldast ei lågare årsprognose både hos Skyss og kommunane. Skyss sin årsprognose er likevel høgare enn den årlege løyvinga, men avviket skuldast fond frå tidlegare år. Tabell 5a viser kommunanes meir- og mindreforbruk per 2. tertial opp mot disponible fondsmidlar hos fylkeskommunen.

Tilskot	Overført		Løyving i 2024	Nedtrekk	Justert tildeling RNB	Disponibelt i 2024	Prognose regnskap - utbetaling frå VLFK	Avvik disponibelt / prognose 2024
	løyving frå 2023	VLFK Fond 31.12.2023						
Belønningsmidlar		45 705	365 000			410 705	373 207	37 498
Skyss	0	30 149	325 488	0	0	355 637	336 000	19 637
Drift kollektiv						0	326 000	-326 000
Øvrig drift						0		0
Investering kollektiv						0	10 000	-10 000
Øvrige investeringar						0		0
Bergen kommune	0	10 702	27 620	0	0	38 322	29 070	9 252
Drift kollektiv						0		0
Øvrig drift						0	6 950	-6 950
Investering kollektiv						0		0
Øvrige investeringar						0	22 120	-22 120
Alver kommune	0	332	2 860	0	0	3 192	0	3 192
Drift kollektiv						0		0
Øvrig drift						0	0	0
Investering kollektiv						0		0
Øvrige investeringar						0	0	0
Askøy kommune	0	3 796	2 871	0	0	6 667	2 800	3 867
Drift kollektiv						0		0
Øvrig drift						0	2 800	-2 800
Investering kollektiv						0		0
Øvrige investeringar						0		0
Bjørnafjorden kommune	0	1 132	2 418	0	0	3 550	2 000	1 550
Drift kollektiv						0		0
Øvrig drift						0	2 000	-2 000
Investering kollektiv						0		0
Øvrige investeringar						0		0
Øygarden kommune	0	-406	3 743	0	0	3 337	3 337	0
Drift kollektiv						0		0
Øvrig drift						0	3 337	-3 337
Investering kollektiv						0		0
Øvrige investeringar						0		0
Reduserte billettprisar kollektiv		23 600	58 100			81 700	81 700	0
Reduserte bompengar			63 000			63 000	63 000	0
Bedre kollektivtilbud		6 900	63 000			69 900	63 000	6 900

Tabell 4 – Prognose på prosjekt finansiert av Post 66 Belønningsmidlar mm.
Vestland fylkeskommune (tal i 1000 2024-kr.)

Belønningsmidlar til drift av kollektivtrafikk i Bergen (Skyss)

Drift av kollektivtrafikk i Bergen viser eit venta mindreforbruk på 19,6 mill i 2024. Skyss rapportera at dei brukar midlane i tråd med plan, inkludert investering på 10 mill. til bybåt Bergen. For 2024 er kostnadane med driftstiltaka inflasjonjusterte med SSB sin bussindeks for 2019 - 2023.

Betre kollektivtilbod og reduserte bompengar

Styringsgruppa i Miljøløftet har vedteke å slå saman dei to pottane *Tilskot til reduserte bompengar* og *Tilskot til betre kollektiv* frå og med 1. mars 2023. I 2024 skal årets løyving brukast i samsvar med sak 49/24:

- Planarbeid knytt til KDP Vest (1 mill.)
- Nødvendig teknisk minimumsbemannning (3 mill.)
- Vedlikehald bybanevogner og infrastruktur (35 mill.)
- Spesifikasjon av innkjøp nytt vognmateriell (3 mill.)
- Straksinnløyving sykkelveg (10 mill.)
- Redusert uttak av bompengar (74 mill.)

6,9 mill. i fond blir med som fondsmidlar inn i 2025.

Reduserte billettprisar til kollektivtrafikk (Skyss)

Midlane blir brukt til reduksjon av pris periodebillett og til fleksibel billett/reiserabatt.

Belønningsmidlar til kommunane

Tabell 4 viser eit venta mindreforbruk hos kommunane på 17,8 mill. Dette er ei prognose for kva som er på fond hos fylket ved årsslutt. Det har i tillegg opparbeidd seg fond i kommunane grunna forseinkingar i prosjekt. Det betyr ikkje at det er mangel på behov for belønningsmidlar, men av ulike årsaker må midlane nyttast seinare enn tiltenkt. Prognosen i tabell 5a viser at kommunane til saman vil ha om lag 13,5 mill. på fond (mindreforbruk) ved årsslutt. Alle kommunane, med unntak av Bergen, har eit venta mindreforbruk i 2024. Bergen kommune har et forbruk av belønningsmidler som bygger ned fondet hos VLFK. Både Øygarden- og Bjørnafjorden kommune har gjort nokre omdisponeringar av midlar i prosjektporteføljen. Sjå tabell 5a for oversikt over opparbeidd fond per kommune/fylkeskommune, og tabell 5b for meir detaljerte kommentarar per kommune.

Fond	Bergen	Alver	Askøy	Bjørnafjorden	Øygarden	Sum
Kommune	- 6 320	7 607	226	1 997	9 943	13 453
VLFK	9 252	3 192	3 867	1 550	-	17 861
Sum	2 932	10 799	4 093	3 547	9 943	31 314

Tabell 5a - Prognose på fond i kommunane (tal i 1000 2024-kr.)

Prosjekt	Overført frå 2023	Omdisponert i 2024	Handlings program 2024	Utbetalt 2024	Til disp 2024	Prognose for 2024 v/T1	Prognose for 2024 v/T2	Avvik (til disp - prog.)	Kommentar
Oppfølging av handlingsplan for sykkelstasjon i Bergen kommune	19 180		25 000	4 500	23 680	31 724	30 400	-6 720	Det er i T2 forekommet noen forsinkelser i sykkelprosjekter som inngår i budsjettposten. Tiltaket i Lyngfaret og Vestre Vadmyra er i startfasen etter at ny entreprenør er kontrahert for å ferdigstille arbeidene etter konkurs i 2023. For Nonnekloppen-Florida arbeides det med å få lagt ut prosjektet på anbud, med forventet oppstart i løpet av 2024. Sykkelprosjektet i Olaf Ryes vei fikk klage på vedtak om dispensasjon i byggesak. Dette medfører at prosjektet nå ikke forventes å være ferdigstilt i 2024. Det planlegges for etablering av Sykkelprioritert gate i Klaus Hanssens gate i 2024, ved etablering av rødt dekke. I Gabriel Tischendorfs vei - Frydenbølen arbeides det med byggesaks godkjenning. Det pågår arbeid med regulering av Damsgård-Smappudden og Wiers-Jensensvei. Etter samtaler med Statens vegvesen forventes det nå å kunne etablere sykkelvennlig løsning gjennom Johan Mohrs gate i 2024. Dette i forbindelse med pågående arbeider med Sykkelstamveg Bergen, delstrekning 6 mellom Bradbenken og Glass Knag. BK gjør oppmerksom på at beløpet som ble rapportert i årsmelding 2023 gjaldt påløpte utgifter 2023. I 2023 ble det i regnskapet benyttet 23,3 mill av tilskudd fra miljøloftet, resterende midler ble avsatt på fond. Beløp overført frå 2023 samsvarar difor ikkje med årsmeldinga 2023, og BK har rapportert ved T2 at dei har 29,2 mill på fond.
Bysykkellordningen i Bergen			4 300	5 000	5 000	4 300	5 000	0	Jf, vedtak i sak 27/24, skal Bergen kommune få 5 mill til dette (har fått det utbetalt 30.08)
Tiltak i handlingsplan for gange	2 844				2 844	2 844	2 844	0	Det pågår arbeid knyttet til oppgradering av Øvre Stadionveien, Skoglien og Løvstakkeveien samt gangetrakt i Fyllingsdalen og Bergveien.
Sykkelbyvtale - Sykkelbyen Bergen	1 200		2 200	1 000	2 200	2 200	2 200	0	Jf, vedtak i sak 27/24, skal Bergen kommune få kun 1 mill til dette (har fått det utbetalt 30.08). Bergen kommune har midler på fond som dekker resterende kostnader. Beløp overført frå 2023 samsvarar ikkje med årsmeldinga 2023, men BK har ved T2 rapportert at dei har 1,2 mill på fond.
Kronstad - Haukeland vest sykkelkobling			2 000	2 120	2 120	2 000	800	1 320	Resterende midler for 2024, er forskjøvet til 2026 pga. intern kapasitet. (totalprognose i 2024, er 1. mill inkl mva refusjon). Det er pågående dialog med Vestland fylkeskommune om hvilke løsninger er bør legges til grunn for å sikre tilrettelagging for myke trafikanter.
Tiltak i handlingsplan for gange - bygging			6 500	6 950	6 950	6 500	6 950	0	Det er klargjort 12-14, enkelttiltak i Åsane som vil forbedre skoleveien til barn i området. Det forventes å benytte alle midlene i 2024.
Tiltak i handlingsplan for gange - plan			1 700	-	-	1 700	920	-920	Regulering gangekartlegging ved Plan- og bygningsetaten
Gang- og sykkelveg Ytre Arna - Breistein			1 500	-	-	1 500	0	0	Prosjektet er tatt ut av handlingsplanen i mai 2024.
Kv3373 Bjørndalsbakken bru			1 500	-	-	0	0	0	Prosjektet er tatt ut av handlingsplanen i mai 2024.
Planmidler PBE				9 500	9 500		9 500		
Delsum belønningstil Bergen	23 224	-	44 700	29 070	52 294	52 768	58 614	-6 320	Forventet meirforbruk kan dekkas av fond tilgjengelig hos fylkeskommunen
Strategiplan	300				300	300	-	300	
Prosjektutgreiing	1 150				1 150	1 150	-	1 150	
Sykkelpakke	294				294	294	-	294	
Fysiske tiltak	2 000				2 000	2 000	350	1 650	Ostereidet snarveg 2024 - Prosjekt er gryteklart september 2024, om godkjent vil det utløse halvparten av prosjektmidlene i 2024, beregner seg til kr 350 000.
Prosjektsamling belønningstil Alver	4 205		4 100	-	4 205	8 305	-	4 205	Generell kommentar: Alver kommune er i prosess med å ansette prosjektleder som skal følge opp prosjekter i Miljøloftet. Status på prosess: Første runde med intervju av aktuelle kandidater gjennomføres i uke 38. Når ny prosjektleder er på plass forventes det fremdrift i gjennomføring av både planlagte og nye prosjekter.
Trygg sykkelparkering	250				250	242	242	8	
Fv5452 Hillesvåg-Apalen, et.av G/S-veg			500	-	-	500	-	0	
Delsum belønningstil Alver	8 199	-	4 600	-	8 199	12 791	592	7 607	
Oppfølging av sykkelstrategi	1 054		200	200	1 254	1 254	700	554	
Planleggingstil Askøy kommune	627		2 600	2 600	3 227		3 000	227	
Kv 1158 Kvernhusdalen	-555				-555		0	-555	Prosjekt ferdigstilt. Åpning august 2024.
Trygg sykkelparkering	250				250		250	0	
Delsum belønningstil Askøy	1 376	-	2 800	2 800	4 176	1 254	3 950	226	
Berekraftig og attraktivt Osøyro	467				467	100	100	367	Aktivitetkampanjer. Vurderer å omdisponere
Fortau langs Gymnasvegen	822	-822			0			0	Ferdig. Ble finansiert med post 30. Har omdisponert til sykkelstrategi.
Fotgjengarovergang på Særvoll	178	-178			0			0	VLFK skal gjere dette arbeidet sjølv. Kommunen har omdisponert til sykkelstrategi.
GS-løysing langs Nilsavegen (del av Nilsavegen-Lepsøyvegen/Trollidalen)	-143	143			-			-	Ferdig - kommunen har omdisponert midlar.
GS-løysingar på Osøyro - del av knutepunkts-/sentrumutvikling	-52	52			0			0	Avslutta - omdisponert av kommunen.
Lepsøyvegen (Trollidalen) - trygg GS-løysing etter differensiert standard	1 816				1 816	1 816	1 816	0	Har skrevet kontrakt. Byggstart i haust. Prosjektet skal fullfinansierast med post 30 i 2025
Søfteland - ny veglinje og GS-løysingar for E39, "Byvegen"	211	-211			0			0	Kommunen har omdisponert midlane
Sykkelstrategi for Bjørnafjorden kommune	613	1 266	1 000	1 000	2 879	3 900	2 150	729	Bygd fortau Giskavollen, reguleringsplan lyseparken - søfteland.
Trygg sykkelparkering	250	-250			-	250	-	-	Kjøpt sykkelboksar, reguleringsplan lyseparken - Søfteland. Skal føre kostnader for fortau Giskavollen-Byvegen
Innfartsparkering Lyseparken	403				403			403	Ferdig. Må omdisponerast når sluttregning er kome
Strategi for grønn mobilitet Bjørnafjorden kommune			1 000	1 000	1 000	500	500	500	Har utarbeida grøn mobilitetsstrategi - utkast på høyring. Ventar vedtak hausten 2024. Eigen timeføring.
Delsum belønningstil Bjørnafjorden	4 563	-	2 000	2 000	6 563	4 566	4 566	1 997	
Fv Ågotnes Miljøgate	3 607				3 607	800	400	3 207	Har venta på nokre avklaringsar, blir arbeidd meir intensivt med plan frå konsulent ut 2024
Prosjekt "bysyklar" i regionsenteret	2 400	-2 400	1 000		-	2 400	0	-	Ikkje starta opp - overført 2,4 mill til prosjektet "Innfartsparkering Ågotnes"
Prosjekt "sykkelparkering" i regionsenteret	400		200	200	600	400	200	400	Vil bli brukt på sykkelparkering ved opprusting av uteområde Brattholmen skule
Fv 209 Storevatnet og parsell av Foldnesvegen	3 888				3 888	1 000	800	3 088	Konsulent vart engasjert juni, og arbeidsmengde vil auke på fram mot slutt 2024
Kampanje haldningsskapande arbeid	70				70	70	20	50	Kjører kampanjar i ulike sosiale media haust 2024
Trafikkanalyse for regionsenter Straume	711		400	1 437	2 148	1 720	2 100	48	Arbeidet pågår for fullt, skal sluttferast innan utgangen av 2024
Prosjektstillingar for å styrka kompetanse og gjennomføringssevne innanfor mobilitet i Øygarden kommune	1 000		2 000		1 000	400	0	1 000	Lyser ut stilling på nytt haust 2024, får truleg ikkje utgifter før 2025
Trafikksikringsplan Øygarden	1 000				1 000	500	250	750	Pågåande arbeid
Trygg sykkelparkering	250				250	250	250	0	Gjennomført
Innfartsparkering Ågotnes	-292	2 400		1 700	3 808	4 000	2 400	1 408	Oppstart arbeid i felt haust 2024. Vil omdisponere 2,4 mill frå "prosjekt bysyklar i regionsenteret"
Delsum belønningstil Øygarden	13 034	-	3 600	3 337	16 371	11 555	6 428	9 943	
SUM BELØNNINGSMIDLAR TIL KOMMUNANE	50 396	-	57 700	37 207	87 603	82 934	74 350	13 453	

Tabell 5b - Prognose på prosjekt finansiert av belønningstil kommunane (tal i 1000 2024-kr.)

Fylkeskommunalt bidrag

Tabell 6 viser ei oversikt over årsprognose for prosjekt som er finansiert av fylkeskommunale midlar og som er del av handlingsprogram 2024-2027. Fylkeskommunen finansierer også prosjekt som ikkje var del av handlingsprogram 2024-2027. Desse blir vist i tabell 7. Dette er prosjekt som har vore del av tidlegare handlingsprogram.

Tiltak frå Handlingsprogram 2024-2027

Det fylkeskommunale bidraget har sidan T1 auka med 6,1 mill. for 2024, og prognosen tilseie eit meirforbruk på 4,5 mill. Dette er forklart ved at fleire tiltak dreg med seg etterslep og mindreforbruk frå tidlegare år, samt at det på nokre prosjekt har oppstått behov tidlegare enn planlagt. Sjå kommentarar i tabell 6 for meir detaljert forklaring per prosjekt.

Satsingsområde	Tiltak frå handlingsprogram 2024-2027 år 2024	PROGNOSE ÅRSREKNESKAP					Totalprognose 2024-kr	
		HP 2024-2027 år 2024	Løyving VLFK 2024	Prognose 2024 v/T1	Prognose 2024 v/T2	Avvik 2024 (til disp - prognose)		Kommentar årsregnskap byggherre
Gange og sykkel	Fv5216 Håkonshellavegen, Alvøen-Myraskjennet, gang- og sykkelveg	55 500	57 800	20 850	20 850	36 950	Ventar ferdigstilling av tiltaket i løpet av sommaren 2024, med sluttoppgjør haust/vinter. Prognose usikker.	139 700
Gange og sykkel	Fv5190 Apeltunvegen	36 400	4 900	4 900	3 400	1 500	Prosjektering pågår i 2024 og der er lagt opp til bygging i 2025.	47 494
Gange og sykkel	Fv5324 Hagerups vei, Storetveitvegen-Nattlandsveien oppgradering av sykkelfelt/fartspuuter	15 900	7 000	7 000	7 000	0	Ventar utlysning haust 2024. Byggestart truleg i slutten av 2024.	62 400
Gange og sykkel	Sykkelteiling i Bergensområdet	2 000	2 000	2 000	2 000	0		
Gange og sykkel	Standardheving med vedlikeholds karakter fylkesveg	51 000	53 100	68 475	74 760	-21 660	Tiltaka dreg med seg eit etterslep og mindreforbruk frå tidlegare år. Det er venta eit meirforbruk på potten som heng saman med slutføring av tiltak som vart starta opp i 2023 men først vart fullført i 2024. Tiltaka er i ulike fasar, nokre under prosjektering, andre er i gang og nokre står det kun att sluttoppgjør. Det vert lagt opp til budsjettjustering i løpet av 2024.	
Gange og sykkel	Trafikksikkerhet	25 500	25 500	39 545	34 815	-9 315	Det er venta eit meirforbruk på denne potten. Tiltaka dreg med seg eit etterslep frå tidlegare år og får økt produksjon i 2024. Bruk av rammekontrakt for mindre vegtiltak gjer at tiltaka realiserast fortløpande etter prosjektering. Det er håp om å ta igjen det meste av etterslepet i 2024. Fleire tiltak er under bygging og er venta ferdigstilte i løpet av året. Prosjektering pågår på nye tiltak for kontinuitet på posten. Det vert lagt opp til budsjettjustering i løpet av 2024 på denne potten.	
Gange og sykkel	Planlegging fylkesveg	15 300	15 300	18 270	19 200	-3 900	Det er venta eit meirforbruk på potten i 2024. Avviket er mellom anna knytt opp til oppstått behov for grunnundersøkelser i tidleg fase på planprosjektet Kjøkkelvikvegen, Fæsterhuset-Krabbedalen. Under andre planprosjekt inngår koblingane knytt til Fjøsangerplanen teke med i prognosane og bidreg til venta meirforbruk. Prognosane er usikre i denne potten.	
Gange og sykkel	Prosjektering diverse fylkesveg og grunnnerv	5 100	5 100	9 940	12 000	-6 900	I denne potten inngår tiltaka; Fv 565 Manger kirke - Hesthaugen, fortau - Det er lagt opp til prosjektering og grunnnerv i 2024 på tiltaket. Fv5458 Ostereidet/Lindsdalen i Alver, G/S-veg - Det er lagt opp til prosjektering og grunnnerv i 2024 på tiltaket. Fv5452 Leknesvegen - Det er lagt opp til prosjektering og grunnnerv i 2024 på tiltaket. Fv560 Skogskiftet sentrum - I 2024 vert det gjennomført prosjektering på tiltaket. Det vert lagt opp til budsjettjustering i løpet av 2024. Prognosen er i tråd med forventna framdrift på prosjekta og samsvar med HP 2025-2028.	
Gange og sykkel	Fremkommelighetstiltak sykkel	3 600	3 600	3 600	5 100	-1 500	Tiltak som gjennomførast over potten i 2024, er Hillerenvegen, Kringsjøvegen og Salhusvegen.	
Gange og sykkel	Program for teljing og analyse av fotgjengarstraumar og åtferd	1 000	1 000	1 000	1 000	0		
Kollektivtransport	Kjøp av bybanevogner til drift av bybanen linje 2 mellom Bergen sentrum og Oasen	40 000	40 000	40 000	40 000	0		
Kollektivtransport	Vedlikeholdstiltak av investerings karakter Bybanen og Trolleybuss	17 000	25 000	25 000	25 000	0	Det er naudsynt for utskifting av eksisterande master på et tidlegare tidspunkt enn først planlagt. Kompenserer med reduksjon i løyving dei kommande åra.	
Kollektivtransport	Gangveier til kollektivtraséer	12 100	12 100	12 100	12 100	0		
Kollektivtransport	Oppgradering holdeplasser	8 200	13 000	13 000	13 000	0	I 2024 vert det gjennomført tiltak i Sandalsringen, Drotningstveit, Olsvik, Elveneset/Ulsmåg. Oppstart Sædalen og Nordås i oktober 2024.	
Kollektivtransport	Mindre kollektivtiltak, enklere tiltak	3 100	6 000	6 000	6 000	0	Fremkommelighetstiltak Eidsvågsvegen venta byggestart 2025.	
Kollektivtransport	Oppgradering signalanlegg og ASP	1 500	1 500	1 500	1 500	0		
Kollektivtransport	Sentrum og knutepunktsutvikling i Bergen - Oppstartsmidler	500	500	500	500	0		
Anna	Drift av sekretariatet i Miljøløftet	9 000	9 000	9 000	9 000	0		
Anna	Reisevaneundersøkelsen (RVU)	1 500	1 500	1 500	1 200	300	Prognose gitt frå sektoretatet	
	Sum fylkeskommunalt bidrag	304 200	283 900	284 180	288 425	- 4 525		

Tabell 6 - Prognose på prosjekt finansiert av fylkeskommunalt bidrag (tal i 1000 2024-kr.)

Tiltak som ikkje var del av Handlingsprogram 2024-2027

Tabell 7 viser ein oversikt over fylkeskommunale prosjekt som ikkje er del av handlingsprogram 2024-2027.

Satsingsområde	Tiltak som ikkje var del av handlingsprogram 2024-2027	PROGNOSE					Avvik 2024 (til disp - prognose)	Kommentar årsregnskap byggherre	Totalprognose 2024-kr
		HP 2024-2027 år 2024	Løyving VLFK 2024	Prognose 2024 v/T1	Prognose 2024 v/T2				
Gang og sykkel	Gang og sykkel fylkesveg langs Bybanen BT4	0	0	27 076	19 000	-19 000	Usikker prognose, då sluttavregning for Bybanen BT4, ikkje er ikkje avslutta på rapporteringstidspunktet. Dette tiltaket er ein del av porteføljen til Bybanen BT4.		
Gang og sykkel	Fv574, Bjørgeveien, Bjørndalsbrotet - Lyderhornsveien	0	0	100	150	-150	Utredning og sluttrapport for prosjektoptimalisering ventast i slutten av året.		
Gang og sykkel	(M) Fv 534,8 Klostergaten	0	0	1 500	1 500	-1 500	Prosjektering er starta opp.		
Gang og sykkel	Fv5200 Infrastruktur Paradis	0	0	31 500	30 793	-30 793	Grunntreiprisen er ferdigstilt, men sluttoppgjøret pågår. Paradis bru vert truleg monter i uke 39-2024.	250 000	
Gang og sykkel	(M) Allestadvegen - Skarphaugen sykkel	0	0	0	2	-2			
Gang og sykkel	Fv552 Etablering av trafikksikker- og attraktiv GS-løysing langs Hatvikvegen	0	4 500	36 000	4 500	0	Utgift knytt til MVA.	169 710	
Gang og sykkel	Fv5452 Leknesvegen	0	4 900	500	0	4 900	Staten har ikkje løyvd midlane over statsbudsjettet 2024. Midlane vert justert ut i frå Vlfk budsjettet i 2024.		
Gang og sykkel	Straksløsning Christiesgate	0	0	100	100	-100	Prognose usikker. Pågår dialog mot VD for avklaringer knytt til grunnlag for byggesak for ferdigstilling av tiltaket. Status for Bybanen til Åsane gir konsekvensar for dette tiltaket. Behov for prinsipiell diskusjon på overordna nivå.		
Gang og sykkel	Åsen-Helleskaret gang og sykkelveg	0	0	0	0	0	Staten har ikkje løyvd midlane over statsbudsjettet 2024. Midlane vert justert ut i frå Vlfk budsjettet i 2024.		
Gang og sykkel	Fv 565 Manger kirke - Hesthaugen, fortau	0	2 600	0	0	2 600	Staten har ikkje løyvd midlane over statsbudsjettet 2024. Midlane vert justert ut i frå Vlfk budsjettet i 2024.		
Gang og sykkel	Fv5458 Ostereidet/Lindsdalen i Alver, G/S-veg	0	5 100	0	0	5 100	Staten har ikkje løyvd midlane over statsbudsjettet 2024. Midlane vert justert ut i frå Vlfk budsjettet i 2024.	33 280	
Kollektivtransport	Fv5322 Holdeplasser ved Sletten senter bybanestopp	0	3 000	3 000	3 000	0	Lagt opp til bygging haust 2024, med sluttoppgjør i 2025.		
Kollektivtransport	Fyllingsveien, fortau og fremkommelighet kollektiv	0	0	300	300	-300	Tiltaket er ferdigstilt. Venta kostnader i 2024 er knytt til restarbeider/støytiltak.	93 000	
Andre tiltak	Hjellestadvegen	0	0	-339 431	-339 431	339 431	Det er inngått rettsforlik med entreprenør. Hordaland tingrett gav kjennelse 08.04.2024 at saken er forlikt. Sluttoppgjør knytt til ny ferdigstillende entreprenør og fakturering av etater pågår. Prognosen inneheld venta kostnader i 2024 inkludert kredittnota på ubetalte fakturaer. Når sluttavregning i prosjektet er tilstrekkeleg avklart, vil Vlfk løfte fram ei sak om økonomiske konsekvensar og eventuelt finansieringsbehov		
Andre tiltak	Planlegging av Bybanen byggetrinn 5 fra Bergen sentrum til Åsane	0	0	800	800	-800	Det kjem fakturaer knytt til etterarbeider til vedteken reguleringsplan BT5. Prognosen er basert på kjende fakturaer. Usikker prognose mhp kostnadsnivå i 2024. Det vert lagt opp til budsjettjustering i løpet av 2024.		
	Bybanen IV	0	0	26 600	28 042	-28 042	De siste sluttoppgjør, restarbeider, reklamasjoner, viderefakturering og salg av eiendommer. Summen er for Btr 4, ikke bare 50/50-prosjektet		
	Forberedande arbeider Bybanen V	0	270 758	270 758	197 000	73 758	Forutsetninger for årsprognosen for BT5. Felleskostnader vil ikkje bli redusert i særleg grad resten av året (i hovedsak lønn og husleie). Prosjektering vil kun et minimum av arbeider ferdigstilles og kun minimum antall ledelsesressurser beregnet inn. Kun ferdigstilling av pågående oppgaver. Grunnundersøkelser - kun et minimum av nødvendige/pålagte oppgaver gjennomføres. Grunnerverv er det knytt usikkerheit til kor mange grunneigarar som vil krevje straksinnløyving. Prognosen vil samla sett vere usikker. I høve til eventuelle straksinnløyvingar langs stamsykelvegen må det tilførest statlege midlar til desse. Dette kommer eventuelt i tillegg til denne prognosen.		
	Sum	-	290 858	58 853	54 246	345 302			

Tabell 7 – Fylkeskommunale prosjekt som ikkje var del av HP24-27 (tal i 1000 2024-kr.)

Oppsummering og overordna prognose Bypakke Bergen

Tabell 8 gir ei oversikt over Bypakke Bergen med forventa bompengainntekter og prognose for rekvirering av bompengar til dei bompengefinansierte prosjekta. Fylket har rapportert til Statens vegvesen med kopi til sekretariatet, som er grunnlaget for tabell 8.

Prognosen for brutto bompengainntekter pr. 2. tertial er ca. 1 mrd. Prognosen er basert på ei forventa ÅDT på 257 tusen i 2024, som er 7000 høgare enn det som var lagt til grunn i HP 24-27, samt ei auking på 1000 i forhold til prognosen ved T1. Forventa gjennomsnittstakst for 2024 er 11,60kr. Dette er ein reduksjon på 30 øre frå T1, og 70 øre lågare enn det som var lagt til grunn i HP 24-27.

Prognosen syner at venta netto bompengainntekter er 812 mill., og at rekvireringsbehovet er 343 mill. Dette gir ei venta innsparing på om lag 470 mill. ved årsslutt. Gjelda i Bypakke Bergen var ved utgangen av 2023 4,6 mrd. kr. Rekvirering i 2024 gjeld førebunde arbeid med bybanen BT5, samt sluttavrekning for bybanen BT4 og Hjellestadveien.

OVERSIKT BYPAKKE BERGEN (Tal i 1000-kr)					
Bypakke Bergen 2024	HP24-27 (2024)	Prognose 2024 v/T1	Prognose 2024 v/T2	Avvik (HP 2024 minus)	Kommentar
Brutto bompenginntekt	-1 145 000	-1 112 000	-1 088 138	-56 862	I HP 24-27 var det lagt til grunn ein gjennomsnittstakst på 12,30 forventa 2024-kr og ein ÅDT på 250 tusen. Prognosen pr. 2. tertial for brutto bompenginntekter legg til grunn at snittet for ÅDT er 257 tusen i 2024, og at realisert gj.sn.takst blir 11,60 kr
Netto drifts- og finanskostnader	286 000	276 000	276 000	10 000	Prognosen for drifts- og finanskostnader er uendra frå T1
Netto bompenginntekt	-859 000	-836 000	-812 138	-46 862	
Førebuaende arbeid med Bybanen BT5	265 300	270 758	214 900	50 400	Prognose på venta uttak for 2024 og etterslep knytt til rekvirering i frå 2023
Bybanen IV	-	87 000	110 025	-110 025	Sluttavrekning gjennomført. Prognose viser uteståande finansiering. Styringsgruppa har vedteke å benytte 74. mill. av belønningsmidlar til å redusere uttak av bompengar, som er reflektert i prognosen her
Planlegging av Bybanen V Bergen Sentrum-Åsane	-	800	-	0	Prognose på venta uttak av bompengar i 2024 i høve til info frå Bergen kommune (gjelder vedteke reguleringsplan).
Hjellestadvegen	-	17 170	18 000	-18 000	Sluttavrekning på prosjektet er ikkje ferdig. Oppgitt beløp i er en prognose på venta uttak bompengar . Eksakt beløp knytt til behov for rekvirering av bompengar vil ligge føre når sluttavrekninga er gjennomført
Sum rekvirering av bompengar til bompengefinansierte prosjekt	265 300	375 728	342 925	- 77 625	
Netto bompenginntekt minus rekvirering av bompengar		-460 272	-469 213		Prognosen syner at rekvireringsbehovet for 2024 er om lag 469 mill. lågare enn prognosen for netto bompenginntekter.

Tabell 8 - Oppsummeringstabell Bypakke Bergen (tal i 1000 2024-kr.)

Forslag til vedtak:

Styringsgruppa tek saka til orientering.